


Studiehefte



OM NORSK ØKONOMI

RAUD UNGDOM • 1999

Eit lite føreord

Det er mange grunnar til å læra seg ein del om økonomien i Noreg:

- Mange av dei politiske sakene vi arbeider med er «økonomiske», slik som skulenedleggjing, oljepolitikk, kontantstønad, arbeidsløyse etc. Skal vi bidra til kamp på slike område må vi ha kunnskap.
- Skal vi forstå samfunnsutviklinga, på alle område, må vi vita ein del om dei mest grunnleggjande forholda i økonomien. Kan vi ikkje noko om økonomi blir vi ikkje i stand til å laga gode revolusjonære strategiar for framtida.
- Skal det vera råd å skapa eit nytt samfunn, etter kapitalismen, er det heilt naudsynt at venstresida og arbeidsfolk har stor kunnskap om økonomien.

Ein organisasjon som Raud Ungdom kan ikkje ha oversyn over alle sider ved norsk økonomi. Vi må satsa på å få nok kunnskap om ein del viktige område til at vi kan meina noko om dei, og bruka dei i den politiske argumentasjonen.

Dette heftet er laga for å hjelpa til med å oppnå nett dette. Planen var at laga skulle koma gjennom opplegget (to møter) før sommarferien. Det er fullt mogleg å nytta opplegget som ledd i valkampskoleringa og seinare. Vi har retta tilfanget inn mot nett slikt som kan koma til nytte i skuledebattar og den slags.

Dette heftet er sett ihop i all hast. Det er ikkje meir gjennomarbeidd enn at du og laget sjølve må gjera ein innsats for å tileigna dykk stoffet. Dette er ikkje meint som eit oppslagshefte under skuledebattar, det skal vera til hjelp for studier av økonomi og førebuing til valkampen (men det kan sikkert vera nyttig å ha under debattar, òg).

Heftet inneheld fire ulike delar. Fyrst er ein lengre tekst om «norsk økonomi», som inneheld ein del fakta og synspunkt, og nokre døme på retorikk. Som supplement til denne teksten er del 2, som er ulike artiklar vi meiner kan vera til nytte. Del tre er eit skoleringsopplegg til bruk i laga. Det er bygd på ein framgangsmåte som ikkje krev at de har ein «økonomi-ekspert» på møtet for å læra om økonomi, dette heftet og kvarandre skal vera alt de treng. Del fire er fleire artiklar for dei som vil lesa meir. I denne delen er det samla tekstar om renta, eit emne som er lite omtalt i del ein.

I del 1 vil eg gå igjennom nokre sentrale område, og koma med innspel til kva vi kan si i debattar etc. Eg må gjera merksam på at sosialøkonomi er eit *fag*, og eg er slett ingen økonom. Eg har inga formell utdanning i økonomi, min kjennskap til emnet skriv seg frå aktivitet i Raud Ungdom og arbeid i redkasjonen til Klassekampen. Denne teksten er heller inga fagøkonomisk utgreiing, han er meir retta inn på *politikken* og *retorikken* knytt til emnet. Det er òg viktig å vera klar over at faget sosialøkonomi er ekstremt «politisk», det rører ved kjerna i klassesamfunnet. Sosialøkonomi er ikkje eit fag med nokon endeleg fasit, veldig mykje er avhengig av kva *klasse* du ser økonomien med utgangspunkt i. Dette er viktig å hugsa når Jens Stoltenberg stiller opp på tv, med sin overmåte gode sos.øk-eksamen i bakhanda. Dette er eit *politisk* felt, og vi har full rett til å ha meiningar om økonomi sjølv om vi ikkje er utdanna økonomar.

Til slutt: Bortsett frå ein del statistikk i del to (*Økonomiske levekårsforskjeller i «Forskjells-Norge»*), står det lite om fattigdom og rikdom i dette heftet. Det er fordi eg manglar tal, og ikkje har tid til å finna dei fram. Eg veit Torstein Dahle arbeider med å skaffa fersk statistikk over økonomien, som han skal ha klart til eit RV/RU-seminar i juni. Vonaleg kan dette heftet supplerast med stoff derifrå.

Magnus E. Marsdal
Studieutvalet, 20. mai 1999

DETTE HEFTET ER EKSTREMT INTERNT.

OM DU LEGG DET ATT PÅ BUSSEN ELLER PÅ ANDRE VIS GJER DET MOGLEG FOR AUF Å FÅ TAK I DET, RISIKERER VÅR SKULEVALSDEBATTANTAR BETALA EIN EKKEL PRIS I HAUST. TENK SJØLV KOR KJEKT DET VILLE VORE Å HA EIN KOPPI AV AUFs SKOLERINGSOPPLEGG.

DEL 1

Tom side

Om norsk økonomi

Kva er det viktigaste ved norsk økonomi? Olje og gass. Noreg er ein råvareleverandør til industrilanda (fisk og vasskraft er andre viktige norske ressursar), og vi er for tida verdas nest største oljeeksportør (etter Saudi-Arabia). Det er ganske ekstremt: Fire millionar nordmenn er verdas nest største eksportør av Det svarte gull!

Dermed er Noreg eit ekstremt rikt land. Vi er verdas Beste vestkant. Statoil er Noregs klart største selskap (107 mrd kroner i omsetnad i 1998, 18.000 tilsette og verksemd i 23 land) og heileigd av staten. Nummer to er Hydro (produserer Olje, aluminium, vasskraft, kunstgjødsel; alt sammen energiproduksjon eller energiintensiv produksjon), 97 mrd i omsetnad og 51 prosent eigd av Staten. Desse selskapa er klart større enn AkerRGI, Kværner og dei andre private. Det totale brutto nasjonalproduktet (BNP) i Noreg ligg på ca 1100 milliardar kroner.

På 90-talet har tempoet i oljeutvinninga vorte skrudd kraftig opp, resultatet er auka drivhuseffekt og ei enorm opphoping av oljemilliardar på den norske staten sine hender. Desse milliardane blir samla i Oljefondet, som IKKJE skal brukast til beste for befolkninga. Det skal derimot investerast i utanlandske aksjar (og obligasjonar, som er statlege verdipapir). Oljefondet er i dag på ??? mrd. Etter ei utreikning med 4 prosent avkastning årleg, vil fondet vera oppe i den svimlande summen av 2500 milliardar kroner i 2030.

Dei norske oljeselskapa skal satsa stort i utlandet, Statoil skal halda produksjonen sin «på et rimelig stabilt nivå» også når norsk sokkel er tømt. (Les meir om dette i KK-artiklane *Norge i den globaliserte økonomien* og *Den hvite mann med det svarte gull.*)

TYNINGA AV VELFERDEN

Olja har gjeve Noreg ein litt spesiell økonomi, som kan oppsummerast slik:

Styrtrik stat, fattige kommunar.


Det er kommunane (og fylkeskommunane) som tek seg av det meste av velferden i Noreg. Kommunen driv barnehagar, eldreomsorg, grunnskule, psykiatri, fritidstilbod og mykje meir, fylket driv mellom anna vidaregåande skule og regionsjukehus. På same tid som staten legg seg opp oljemilliard etter oljemilliard, har mange kommunar fått trongare og trongare kår. Dette går direkte utover befolkninga gjennom dyrare kollektivtrafikk, skulenedlegging, sjukehuskøer, kriser i eldreomsorgen etc etc etc. Studentar betaler med latterleg låge stipend og studielån, og desto høgare rente. For å setja det på spissen:

Folk flest i Noreg, og serleg dei fattigaste, betaler kvar einaste dag prisen for dei norske herskarane sine imperialistiske olje-ambisjonar.

For det er til ekspansjon i utlandet nasjonalformuen (oljepengane) skal gå, ikkje til å skapa eit godt samfunn for oss som bur i Noreg.

Her er vi ved eit av dei viktigaste spørsmåla i norsk økonomi, og ved spørsmål som ofte kjem opp i debattar. Difor skal vi ta oss tid til litt statistikk og retorikk kring nett desse spørsmåla.

Fyrst statistikk: På 90-talet (stort sett med Ap-styre) har det skjedd ei enorm omfordeling mellom «offentleg sektor» og «privat sektor» i Noreg. Privat sektor har hatt en ekstremt mykje høgare vekst (auka aktivitet) enn fellesskapssektoren. Denne figuren viser kva det er snakk om, serleg frå 1992-1997 er utviklinga eintydig. (Merk at det som reiknast som «offentleg» her er mykje meir enn dei offentlege tenestene/det vi vanligvis kallar «offentleg sektor», denne ligg kring 24 prosent. Det totale talet inkluderer også overføringar som trygd og landbruksstønad, som ofte går direkte ut i privat sektor.)



Tallene viser offentlige utgifter, inkludert både offentlig sektors drift og investering (som utgjør i omtrent 24 prosent av BNP) og de totale statlige overføringer.

For å sjå litt på kva dette tilhøvet mellom offentlig og privat sektor inneber i praksis, kan vi samanlikna investeringane i varehandelen med investeringane i skule og helse.

Handel framfor helse			
En konkretisering av forholdet mellom privat og offentlig sektor kan man få ved å sammenlikne investeringene i varehandelen med investeringene i undervis-		ning og helse. Til tross for høylydte krav og ditto lønnader til både eldre og undervisning, er de årlige investeringene i varehandelen større enn begge	
		disse sektorerna til sammen. I fjor var investeringene i varehandelen høyere enn de totale utgiftene til både drift og investering i hele grunnskolesektoren.	
Brutto investeringer			
Varehandelen		Helse- og sosialomsorg	
1996	22,471 mrd	1996	7,562 mrd
1997	26,287 mrd	1997	8,295 mrd
1998	28,630 mrd	1998	10,645 mrd
Undervisning		Kommuner og fylkeskommuner	
1996	5,947 mrd	<i>Totale investeringer</i>	
1997	10,473 mrd	1996	16,804 mrd
1998	8,156 mrd	1997	22,711 mrd
		1998	23,466 mrd
Brutto investeringer og drift for undervisning i kommuneforvaltninga			
Grunnskole og førskole		Videregående skole	
1996	22,207 mrd	1996	11,553 mrd
1997	28,512 mrd	1997	11,773 mrd
1998	27,957 mrd	1998	12,664 mrd

Kilde: Statistisk Sentralbyrå

Eit døme på retorikk knytt til desse tala er dette:

Tal frå OECD viser at det vart investert 29 milliardar i varehandelen i fjor, og 19 millionar i helse, omsorg og skulesystemet til saman. Kva slags samfunn er det eigentleg vi vil ha? Med Ap eller KrF ved makta får vi eit samfunn der det blir investert tre gongar meir i varehandel enn i helse og omsorg. Det blir investert over tre gongar så mykje i kjøpesenter og nye kassaapparat som i heile grunnskulen og vidaregåande skule til saman! Om handelsnæringa og NHO er det viktigaste for deg bør du røytsta på Ap, men om du vil setja menneske framfor pengar bør du bli med i Raud Ungdom.

Dette med varehandel og helsesektor er det ikkje så lett for høgresida å vri seg unna. Men når vi peikar på at staten er søkkrik medan skulen og kollektivtilbodet forfell, har dei vanlegvis svara klare. Eitt av dei er at Oljefondet er naudsynt for å sikra framtidens generasjonar, for å sikra pensjonane til meg og deg. AUF kan finna på å melda slikt som dette i ein skuledebatt:

«Det er lett å vera RV, og krevja meir til alt og alle. Men vi i Arbeidarpartiet, vi er her for å ta ansvar. Vi er ikkje her for å lova gull og grønne skogar. Veit de kva ho frå RV vil gjera? Ho vil bruka av Oljefondet! Ho vil finansiera valgretoikken sin med dei pengane som vi no set på bok. Men dei pengane, det er dei som skal gjera det mogleg å betala ut pensjon til oss, når vi blir gamle. Dei vil ho bruka opp no med ein gong. Men dette er *oljepengar*, olja er ein *eingongsressurs*, og det er galskap å svi av alle pengane med ein gong. Det trur eg dei fleste her forstår. Om du er ein sånn som likar å knusa sparegrisen fordi du vil ha iskrem no med ein gong, må du gjerne røysta RV. Men eg er stolt over å vera med i AUF og Arbeidarpartiet, der vi tar *ansvar*, ikkje minst for dei generasjonane som kjem etter oss.» (APPLAUS).

Tja, kva har du tenkt å svara? Før eg kjem med nokre framlegg, litt meir om desse oljepengane:

1 For det fyrste er det Ap og stortingsfleirtalet som har gått i spissen for å pumpa opp olja raskast mogleg («svi av alt på ein gong»). RVs politikk er *ikkje* å ta alle desse milliardane og freista skaffa folk til å utføra offentlege tenester for dei. RVs politikk er å ha eit langt lågare utvinningstempo. Det er bra for miljøet, det er sparing for framtidige generasjonar, og det bidrar til å halda oljeprisen oppe (bra for «norsk økonomi», og forsåvidt for miljøet).

2 For det andre så er det *ikkje slik* at den einaste metoden for å «sikra seg mot eldrebylgja» er å pumpa opp masse olje, investera pengane i aksjar, og så vona at dette skal gje avkasting nok til pensjonar i framtida. Om det var slik at alle land som *ikkje* gjorde dette ville få ei katastrofal framtid, med alt for mange eldre som ingen hadde råd til å halda i live, ville jo *alle* land som ikkje har olje eller tilsvarende ressursar liggja syltynt an. Men slik er det ikkje. Det viktigaste for eit land når det gjeld å «ha råd til alle pensjonistane», er å ha **høg sysselsetting og verdiskaping**. Når det blir mange eldre (og det *blir* det) er det viktigaste for norsk økonomi at dette ikkje blir «forverra» ved at vi også har mange arbeidslause. Ein langsiktig politikk for å møte eldrebylgja er såleis investering i kompetanse og arbeidsplassar i fastlands-Noreg. (Torstein Dahle har tal som underbygger dette godt, men eg har dei ikkje tilgjengeleg no. Vonaleg finn vi dei fram før valkampen.)

Å byggja opp verksemder og kompetanse som gjer oss i stand til å driva verdiskaping og halda høg sysselsetting i Noreg i framtida, er det som skal til for å møte «eldrebylgja», ikkje å spela med nasjonalformuen på det internasjonale børskasinoet, som er det oljefondstrategien går ut på.

3 Både det første og andre poenget er det mogleg å laga god politisk retorikk av, det kan de arbeida med sjølve. Men dette tredje har eg erfaring med at kan funka bra i skuledebattar. Der har eg opplevd sånn ca:

a) RU held innlegg mot dei råtne nedkjerjingane og avslører sanninga om oljerikdommen, stor applaus.

b) AUF tek replikk og held sitt ansvarsfulle innlegg, stor applaus (folk vil jo ikkje vera uansvarlege og knusa sparegrisen heller...)

c) RU må gje svar attende, men har ikkje tid til å forklara korleis «auken i arbeidsløysa i 1993 utgjer ei like stor forskyving av forholdet mellom verdiskapande innbyggjarar og pensjonistar som heile auken i eldre som er forventa mellom 2010 og 2020, og dessutan...». Slikt *går* jo ikkje å forklara i skuledebattar. Dersom salen ikkje er veldig anti-RV, kan fylgjande retorikk vera verdt eit forsøk, og det er også eit viktig politisk poeng:

«Det er berre ein ting du gløymer, herr AUF: Har vi nokon grunn til å stola på slike som deg? (Vendt til salen): De veit kva slags parti dette er, dei har *alltid* ein grunn til at det offentlege må skjera ned. No står XX her i dag og lover oss at om vi berre ikkje krev PC til alle klasserom *no*, så skal vi få det godt *i framtida*, på grunn av *Oljefondet*. OK, tenk dykk sjølve: Om førti år møter vi XX igjen, då er han sikkert Industriminister eller noko slikt. Og så spør vi: 'Du, hugsar du i 1999; då sa du vi skulle få desse oljepengane *i framtida*, berre vi gjekk med på å setja dei vekk i *Oljefondet*. Kan vi få pengane no?' Kva svarer han då? 'Nei, den nåværende situasjon for våre statsfinanser er meget anstrengt, vidare fins et uoppdekket kapitalbehov i Statoil som *Oljefondet* må ta høyde for, og dere må være klar over at *framtidens* Eldrebølge blir en *ytterligere* belastning for vårt velferdssamfunn. Vi er nødt til å legge en ansvarlig holdning til grunn, og det er den rene galskap å prioritere oljepenger til alle gode velferdsformål på det nuværende tidspunkt...'

For pampane på stortinget vil det *alltid* finnast ein god grunn til at folket ikkje kan få oljepengane, om vi let dei stikka av med pengane no, får vi aldri sjå dei igjen.»

Ein slik retorikk gjer dette til eit spørsmål om *tillit*. Har publikum tillit til politikarar og oljefondsretorikk, eller har dei ikkje? Stort sett er svaret «ikkje», og det kan vi utnytja i debattar. Men det kan vera dumt å satsa på slik retorikk dersom publikum *har* stor tillit til Ap og høgresida, då er gjerne saklege argument og fakta meir effektivt.

Eit retorisk spørsmål som eignar seg i raddis-forsamlingar er: Arbeidarpartiets Jens Stoltenberg er stolt over å vera imperialist. Han stod i Aserbadsjan og peika på bakken der Statoil vil punpa olje, og han sa: **Her ligger fremtiden for den norske folketrygden.** Vil vi verkeleg at våre pensjonar skal sugast ut av bakken og arbeidskrafta i Aserbadsjan? Er den framtida AUF og andre som elskar Oljefondet ynskjar seg ei framtid der vi skal henta vår velferd frå å plyndra rikdomen frå andre land, frå fattige land? Vi har eit val; skal vi satsa på oljeimperialisme, børskasino og plyndring av andres ressursar, eller skal vi satsa på utdanning og verdiskaping her i Noreg, slik at vi kan

(Les meir om Oljefondet i artikkelen *Oljefond – for hvem? og Norge i den globaliserte økonomien.*)

«OVEROPPHETING AV NORSK ØKONOMI»

Det mest brukte uttrykket i «debatten» om norsk økonomi er truleg «overoppheting». Ein annan variant av det same er «varsellampene blinkar for norsk økonomi». Dette er ganske uforståelege metaforar. Eit utsagn so kjem nærare det dette egentleg dreier seg om, er at «det er press i økonomien», som betyr det same som «Noreg har ein alt for stram arbeidsmarknad». Og dette betyr det same som «det er for få arbeidssøkarar», det vil si «det er for få arbeidslause».

Kvifor er det for få arbeidslause? Det politikarar og NHO er opptekne av er «konkurranssevnen» til norsk industri: Vi må ikkje få for høge løner og dermed for dyre varer, for då tapar vi i tevlinga mot utanlandsk industri. Når det er høg arbeidsløyse blir arbeidarane redde for å mista jobben, og villige til å godta lågare løn og verre arbeidsvilkår. Men når det er låg arbeidsløyse blir situasjonen motsett: Arbeidskjøparane må konkurrera om arbeidskrafta, arbeidarane er ikkje redd for å mista jobben, og fagrørsla får dermed stor forhandlingsstyrke i tariffoppgjera. Dette pressar lønsnivået oppover, meirverdi blir omfordelte frå kapitalistar til arbeidsfolk.

Lønsoppgjeret i 1998 var det fyrste på mange år som ikkje var urimeleg dårleg, det førte til ei BREMSING av den prosessen som har dominert 90-talet: Eigarane tek ein stendig større andel av verdien. Oppgjeret i '98 gav ca 6,5 prosent lønsauke, i gjennomsnitt. Dette vart kalla Den store lønsfesten, også SVs Erik Solheim skreiv i Dagsavisen at oppgjeret «løp løpsk, nå må det strammes inn i norsk økonomi».

Altså: «Overoppheting» = «for høg aktivitet» = for få arbeidslause = arbeidarklassen står for sterkt på arbeidsmarknaden. Så sjølv om «overoppheting» er det verste skjellsordet for politikarar, journalistar og NHO, har det definitivt ein del positive sider sett frå synspunktet til det store fleirtalet.

Kva gjer politikarane for å få bukt med «overoppheting»? Etter lønsoppgjeret i fjor gjorde ei to ting: Dei sette opp renta, og dei skar ned på statsbudsjettet. Poenget med å setja opp renta er at det tek inn kjøpekraft frå folk flest og fjernar lysten til å investera (ta opp lån) frå ein del kapitalistar som ville sett igang ulike forretningsprosjekt ved lågare rente. Dette bidrar til å få ned aktiviteten og etterspørselen, altså blir økonomien (arbeidsmarknaden) «kjølt ned». Det blir mindre kamp om arbeidskrafta. (Meir om renta seinare.) Å skjera ned på statsbudsjettet fører til mindre aktivitet: Færre offentlege tenester, mindre kjøpekraft hos folk som har fått redusert trygd eller liknande, altså mindre etterspørsel, også etter arbeidskraft. Slik kan staten bidra til å gjennoppretta den ynskja «balansen» mellom arbeid og kapital.

Kva skal så vi meina om «overoppheting»? Vi meiner IKKJE at dette er eit «påfunn», at ikkje problema med auka inflasjon (løns- og prisstigning) som fylgje av svært stram arbeidsmarknad ikkje er reelle problem. Men vi ser saka litt annleis enn Etablisementet. Vi skal nemna 3 punkt:

1 For det fyrste ER det ikkje full sysselsetjing i Noreg. Vi har over 50.000 arbeidslause, pluss mange titusen som er stua vekk på universitet eller uføretrygd.

2 For det andre må vi peika på at dette handlar om kampen for offentleg sektor: Når staten tek inn skatt frå næringslivet og arbeidsfolk, betyr dette at staten snevrar inn «det økonomiske rommet» for privat sektor og

skaper eit «rom» for offentleg sektor. Altså: Ressursar blir flytta, slik at dei til dømes kan gå til å laga sjukehus og løna sjukepleiarar i staden for å gå til nye kjøpesenter eller reisebyrå.

Dersom nokon foreslår å auka kapitalskatten i Noreg, frå 28 til 30 prosent, vil det koma eit ramaskrik frå «næringslivet»: «Fleire små og mellomstore bedrifter driv med små marginar, dei vil gå dukken med eit slikt skattenivå». Men dette er jo nettopp poenget! Om vi skal skaffa nok sjukepleiarar, om det skal vera rom for offentleg sektor, *må* dette rommet (arbeidskraft og andre ressursar) takast frå privat sektor. Det er altså nausynt at ein del bedrifter går konk.

Når aktiviteten i økonomien nærmar seg maksimalnivået (altså få arbeidslause, altså «overoppheting»), kjem det tilsvarane ramaskrik frå «næringslivet»: «Økonomien må kjølast ned! No trengst ein stram finanspolitikk (fint ord for kutt i statsbudsjettet) for å få likevekt i arbeidsmaknaden» (fint ord for lågare sysselsetjing). Med dette meiner dei at sjølv om det *trengst* eit nytt sjukehus i Trøndelag, sjølv om det *er* krise i eldreomsorgen i Bergen, sjølv om barneskulen i Kristiansand *er* helseskadeleg for elevar og tilsette, etc etc, så kan vi *ikkje* gjera noko med desse problema no – for då blir det «overoppheting av norsk økonomi».

Dette tenkjer dei fleste politikarar og journalistar er heilt logisk: Vi kan jo ikkje utføra fleire oppgåver enn det faktisk finst arbeidskraft til! Men spørsmålet dei ikkje stiller er: Kvifor er det alltid offentleg sektor som må vika plass for privatkapitalen? Kvifor er det aldri omvendt

Dette kan uttrykast retorisk:

AUF og Unge Høyre og Carl I Hagen er bekymra for «overoppheting av norsk økonomi». Kva tyder det? Dei er redde for at det skal bli for høg aktivitet, for mange sysselsette – dei er altså redde for at vi skal få for låg arbeidsløyse. For då kan det jo skje at arbeidarane ikkje er så redde for å mista jobben, dei kan finna på å stilla høge lønskrav! Og delar av næringslivet kan få knapt med arbeidskraft. Dèt kan vi ikkje ha noko av, tenkjer Ap og SV, og går inn for å kutta i statsbudsjettet. Kapitalistane krev altså at behova til sjuke, eldre, elevar og sosialklientar må vika når det er knapt med arbeidskraft. Dette er «til alles beste», for å unngå «overoppheting».

Men når hørde vi ein kapitalist, som hadde planane klare for eit stort kjøpesenter, der kalkylene viste at han ville tena millionar i løpet av ti år, når hørde vi ein slik kapitalist si: «Nei... Det ville vore eit fint prosjekt, men eg må jo ta omsyn til heilskapen i norsk økonomi. Eg kan jo ikkje bidra til overoppheting, no som det er så høg aktivitet i byggjebnansjen. Og dessutan har eg høyrte at helsesektoren treng fleire folk, så profitten må min profitt må nok stilla seg i andre rekkje...»

Nei, kapitalistar treng ikkje tenkja slik. Det er alle *andre* som skal oppføra seg «ansvarleg» og ikkje skapa overoppheting, kapitalistar skal berre gjera det einaste som er verkeleg heilagt i vårt samfunn: Tena pengar.

(Vi *veit* at kapitalistane aldri vil ta omsyn til heilskapen i samfunnet, det er difor det finst «økonomis politikk». Omfordeling mellom offentleg og privat sektor er heile *poenget* med økonomisk politikk. Ap og stortingsfleirtalet har synt meir enn godt nok kva slags økonomisk politik *dei* står for: Kapitalistanes behov skal gå foran folk flest, offentleg sektor må vika for private kjøpesenter.)

3 Vårt svar på «overoppheting» er også å stramma inn, men i motsett ende:

Sitat frå RVs arbeidsprogram:

”RV ynskjer ei heilt ny skatteordning. Innanfor systemet i dag går RV inn for:

- Toppskatt skal òg reknast av kapitalinntekter og overskot på næringsverksemd.
- Auka toppskatt på høge inntektene, dvs dei som tener meir enn statsministeren.
- Reglar som gjev aksjeutbytte skal vera skattepliktig inntekt, dvs at aksjonærene skattar av inntekt slik som lønstakarar.
- Vinst ved aksjesal skal vera fullt ut skattepliktig.
- Formueverdien på aksjar skal vera reell - ikkje symbolsk.
- Progressiv formuesskatt, langt høgare skatt på store formuer.
- Fjerning av 55 %-taket for skatt av inntekt som skapar nullskattytarar.
- mindre skatt på låge pensjonar.
- endra særfrådragsreglar slik at det reduserar skattefrådragane for de svakast stilte.

...

1. Inntektene til kapitalistar må skattleggjast som vanlege lønsinntekter.
2. Formuesskatten til dei rike må aukast.
3. Inga særskatt på funksjonshemming, uførhet og sjukdom.
4. Særfrådraga for alders- og uførepensjonistar må gje skattereduserande effekt.
5. Vekk med "moms" på vanlege matvarar. "

Fleire argument om «Overoppheting» finn du i artikkelen *Hvem er overopphetet?*.

KVA MED «KAPITALFLUKT»?

Det typiske svaret på slike punkt i RVs økonomiske politikk, er «kapitalflukt»:

«Om ikkje Noreg gjev levelege rammevilkår for storselskapa, flyttar dei arbeidsplassane til utlandet. Dette kan vi lika eller ikkje lika, men vi i Arbeidarpartiet er faktisk opptatt av kva som er best for heile befolkninga. Vi er opptatt av å halda på arbeidsplassane her i Noreg, det trur vi er bra både for arbeidsfolk og for offentleg sektor som treng skatteinntekter frå næringslivet. Om vi gjennomfører RVs kommunistpolitikk i Noreg risikerer vi å få ei langt høgare arbeidsløyse, og det trur eg ingen av oss er tent med.»

Til dette er det mykje å svara. Til dømes at det ikkje er slik at selskapa kjem til å flytta berre fordi vi set opp kapitalskatten eit par prosent. Men eigentleg må vi gje dei rett: Kapitalen HAR makt til å diktera den økonomiske politikken. (I ein slik situasjon kan det jo vera kjekt å vera sosialist, ettersom vi har ei løysing på problemet: Gjer næringslivet til folkets eigedom!)

Eit retorisk svar på «kapitalflukt» kan til dømes gjerast slik:

Dei pratar om kapitalflukt. Om vi skattlegg millionærene vil kapitalen flykta, seier dei. No skal eg undersøkje denne teorien om kapitalflukt. Her har eg eit kronestykke. Eg legg det på bordet framfor meg her, og så skal vi sjå kva som skjer. (Bøy deg ned mot kronestykket og rop høgt): ØKT KAPITALSKATT! MILJØAVGIFT!!! OPPRØR!!! REVOLUSJON OG ARBEIDARMAKT, SOSIALISME!!!!

Ser dykk: Krona har ikkje rørt seg ein millimeter. Pengar er berre pengar, dei flyktar ikkje. Det trengst MENNESKE for å flytta kapitalen. Det er altså MENNESKA som velgjer kva slags skattar og avgifter som er mogleg og ikkje mogleg, og det er MENNESKE som Carl I Hagen og Thorbjørn Jagland som har fjerna alle hinder for kapitaleksport. DÅ blir trugsmålet om «kapitalflukt» eit problem, men det er fullt mogleg for oss å gjera noko med problemet. Alt som trengst er at befolkninga har politisk vilje til å styra samfunnet etter folkets behov, ikkje kapitalen sine. Den viljen, er heile poenget med Raud Ungdom.

Det går òg an å laga andre variantar som får fram ein revolusjonært budskap. Når høgresida må ty til argument av typen «dette høyrast jo veldig fint ut, men det går ikkje, fordi då vil kapitalen flykta», så serverer dei jo eigentleg ei perfekt pasning til Raud Ungdom.

For KVA SLAGS SAMFUNN ER DETTE, der det store fleirtalet berre må bøya seg for ein liten gjeng med styrtrike investorar? Berre dei sutrar litt: «Nei, ikkje miljøavgift, for då flyttar vi kapitalen vår...ædda-bædda...». Det er jo LATTERLEG! Kvifor blir ikkje AUF med oss i Raud Ungdom på å krevja slutt på denne galskapen, og innføre ein folkestyrt økonomi??? AUF ser jo at kapitalmakta går utover arbeidsfolk og miljø, kvifor går de ikkje inn for sosialismen? Det er kanskje fordi det kan gå utover karrieren, i eit departement eller to...?

Nettopp dette er verkeleg Vår Revolusjonære Nisje i debatten, og vi må bli flinke til å utnytte slike situasjonar.

«HUGS AT DU ER SOSIALIST...

Det er alltid viktig å ha dette i bakhovudet: Vi er MOT kapitalismen. Økonomisk politikk handlar ofte om å finna løysingar på konkrete problem, og det må vi også driva med. Men det er IKKJE Raud Ungdom si oppgåve å «bevisa» at det er mogleg å føra ein økonomisk politikk som er Skikkeleg bra for Arbeidsfolk, under kapitalismen. For det er det ikkje! Når vi lærer oss konkrete fakta og analysar i norsk økonomi, er det mest av alt for å gjera oss sjølve betre i stand til å argumentera for sosialismen, for revolusjon, for eit verkeleg folkestyre. Det er denne – revolusjonære – budskapen som er den viktigaste, også i en lokal valkamp, så det er viktig å øve seg i revolusjonær retorikk.

EIT SKATTESYSTEM FOR DEI RIKE

Det er nyttig å vita ein del elementære ting om skattesystemet i Noreg, korleis det ofte fungerer som ein omvendt Robin Hood. To av dei viktigaste punkta er at kapitalskatten er mykje lågare enn skatt på arbeidsinntekt, og at aksjeutbyte er skattefritt. Les om dette i studieoppleggets artikkel frå Rebell nr. 5 1996.

RENTA – EIT VÅPEN I DEI RIKES HENDER

Renta blir stort sett ikkje noko viktig tema mellom ungdom, for dei betaler ikkje på studielån eller huslån. Ungdom flest drit i renta. Likevel tek vi med litt om emnet her, ettersom det er viktig i debatten om norsk økonomi for tida.

Rente er i utgangspunktet noko som gjer at den som har pengar kan tena på det, og den som må låna pengar må betala for det. Rente gjer altså dei rike rikare. Rentepolitikken blir styrt av Noregs Bank og Finansdepartementet (innanfor Stortingets vedtak), og har fleire funksjonar:

1 Renta kan **regulera etterspørselen**. Høg rente tek inn kjøpekraft frå alle med lån, og fører til at forretningsprosjekt blir skrinlagt eller går konk (det som ser lønsamt ut med 4 prosent rente på investeringslånet blir elendig butikk med 8 prosent.) Renta er eit av dei kraftigaste verkemidla staten rår over i den økonomiske politikken. I ein klassisk, sosialdemokratisk «motkonjunkturpolitikk» blir renta sett opp når det er høg vekst (fare for overoppheting), og lågt når økonomien treng «drahjelp». Dei seinare åra har dette ikkje vorte fylgd i Noreg, renta var svært låg samstundes som veksten var svært høg.

2 Dette kan ha samband med at renta også skal bidra til å **halda valutakursen stabil**. Stortinget ynskjer tilnærma fast valutakurs (mot Euro), og dette kan renta bidra til. Korleis? Valuta er ein vare, som spekulantar sel og kjøper i gigantiske mengder kvar dag. Vi kan ikkje her gå inn på kva som fører til svingingar i valutakursane. Men vi kan forklara at dersom du er ein valutaspekulant og set pengane dine i norske kroner, så får du norsk rente. Dersom krona er i ferd med å bli sterkare enn det «utgangsleiet» som Noreg ynskjer, kan vi setja ned rentene. Då blir det mindre attraktivt å kjøpa kroner, etterspørselen går ned, og dermed kursen. (Kursen (prisen) er avhengig av tilbod og etterspørsel.)

Dersom krona er i ferd med å bli for svak, kan høgare rente få fleire til å kjøpa kroner, og såleis driva kursen opp igjen. Dette skjedde hausten 1998. Låg oljepris hadde ført til svekt «tillit til krona», og spekulantar dreiv kursen nedover. Då sette Noregs Bank opp renta kraftig, noko som førte til at mange nordmenn mista heile (det «elleville») lønstillegget sitt og vel så det, gjennom auka renteutgifter. Den høge renta gjorde krona meir attraktiv, og kursen svingte tilbake til utgangsleiet.

(Litt meir om renta i fleire artiklar i del 4.)

KVINNERS LEVEKÅR

Kvinner har langt dårlegare økonomi enn menn i Noreg. Desse tala er klare nok, og kan koma til nytte i diskusjonar om kvinneundertrykking og jentekamp:

****De økonomiske ulikhetene mellom kvinner og menn er økende i alle aldersgrupper. Av 1,55 millioner kvinnelige skatteyttere har 90 prosent middels og lav inntekt (skattbar inntekt fra 200.000 kroner og nedover). Blant menn utgjør denne gruppa 70 prosent.**

****852 000 kvinner har mellom 0 og 100.000 kroner i årsinntekt. Mange av disse havner under Statistisk Sentralbyrås (svært lave) fattigdomsgrense som er 79.000 kroner i året.**

****Men disponerer på årsbasis 130 milliarder mer enn kvinner bare i lønnsmidler. Mannsinntekta er omtrent 293 milliarder, kvinnene tjener 163 milliarder (inntekståret 1996).**

****I netto formue, (likningsformue, fratrukket gjeld og andre fradrag) har menn 187 milliarder mer kvinner i Norge.**

****Yrkesaktiviteten blant kvinner har vært jevnt økende fra 1981 da det var 407 000 hjemmerarbeidende til 1995, da det var 134 000. Dette har ikke gitt en tilsvarende uttelling i inntekt og formue. Omtrent 100 000 av de 463 000 deltidsarbeidende kvinnene i 1997 ønsket å arbeide heltid.**

****Blant pensjonister er forskjellene økende, selv om det blir færre kvinnelige minstepensjonister. Omtrent 80 prosent av minstepensjonistene er kvinner, ca 54 prosent av kvinnelige pensjonister har minstepensjon, dette er 201.191 kvinner. Det totale antall alders- og uførepensjonister i Norge er ca 974.788.**

****Forskjellen mellom gjennomsnittlig mannspensjon og kvinnepensjon har økt fra 9.592 kroner i 1984 til 25.158 kroner i 1996. For pensjonistenes totale inntekter (inkludert lønn og annet), var forskjellen mellom kjønnenes gjennomsnitt i 1986 53.700 kroner, mens den utgjorde 66.300 kroner i 1995.**

Opplysningene er systematisert fra Statistisk Årbok 1998 (Statistisk sentralbyrå)

(Alle disse tala kan du sjølv finna via www.ssb.no, der ligg Statistisk årbok og andre publikasjonar.)

DEL 2

Tom side

PRIVATISERING

-fett nok for de rike -hva med oss andre?

Privatisering var en gang et fy-ord for alle sosialdemokrater. Nå foregår privatisering over alt; i Norge, i EU, i Latin-Amerika. «Økt effektivitet til alles beste» er melodien vi får høre fra både Høyre, Arbeiderpartiet og Frp, men som det meste annet er privatisering et klassespørsmål - noen tjener på at andre taper.

Magnus Marsdal

Privatisering betyr at bedrifter som er eid av det offentlige (staten, kommunen eller fylket) blir helt eller delvis solgt til private investorer (kapitalister som investerer). Dette fører til at makta over bedriftene blir flytta fra folkevalgte (lokalt eller på Stortinget) til private kapitalister. En annen slags privatisering er anbud. Når offentlige tjenester, f.eks. vasking i offentlige bygninger, blir satt ut på anbud må den offentlige bedriften konkurrere med alle private bedrifter som ønsker å få oppdraget. Den som leverer det billigste og beste tilbudet får jobben. Anbudssystemet fører til kamp og motstand fra arbeidsfolk, f.eks. var bussjåførene i danske Esbjerg i streik og daglig kamp med politiet i over ni måneder, etter at den private anbudsvinneren ville sette dem kraftig ned i lønn.

Hva skjer?

I Vest-Europa er det beregna at det i 1996 vil bli privatisert verdier for 360 milliarder kroner. (I følge den amerikanske banken J.P. Morgan.) Dette gjelder f.eks. det tyske televerket, den tyske postbanken og flyselskapene Lufthansa, Alitalia og Air France. I Sverige har staten privatisert store selskap som Pharmacia og SSAB, sosialdemokratene har lovt å selge unna statlig eiendom

for minst 50 milliarder kroner innen år 2000. Svenskene har også privatisert kommunale sjukehjem. Her i Norge står Rica-hotellkjeden klar til å drive sjukehjem, de har støtte fra Høyre og Frp, og ledelsen i LO er ikke veldig imot et slikt forsøk. I England skal jernbanen privatiseres.

I Oslo har privatiseringspartiene Høyre og Frp flertall i byrådet. Høyre vil at kommunale institusjoner (skoler, sjukeheim osv.) skal sette reinhold og andre tjenester ut på anbud, og de vil privatisere bl.a. Oslo Energi og kommunens alpinanlegg. Da Rebell spurte Frps byrådsleder om hva de ville privatisere svarte Svein Kristiansen: *-Det er jo stort sett alt det, bortsett fra Likningskontoret.* Ei liste over noen av FrPs privatiseringsønsker finner du sist i denne artikkelen.

Hvem rammes?

Hva fører anbud og privatisering til for folk flest?

Kampen mot privatisering og anbud føres ofte av de ansatte innafør de offentlige bedriftene som blir ramma. Statens og kapitalens massemedia framstiller det som om disse ansatte er ei særgruppe som har motsatte interesser av oss andre - "forbrukerne" eller "skattebeta-lerne". For det første er de aller fleste "forbrukere" arbeidsfolk sjøl, og har interesse av å støtte andre arbeidsfolks kamp. For det andre er det ikke bare de ansatte som blir ramma, det er like ofte brukerne av de tjenestene som blir privatisert.

Brukerne blir ramma:

1 Best tilbud for de som er rike. Dette gjelder f.eks. privatisert helsevesen og skolevesen, der de som kan betale for seg får plass. Dette fører til at de rike kan kjøpe seg forbi helse- og utdanningskøene. I tillegg blir det offentlige tilbudet til folk flest etterhvert dårligere, fordi de private skolene og sykehusa har råd til å kjøpe de beste lærerne og legene. Økte og mye tydeligere klasseskjeller er følgen av privat skole- og helsevesen.

2 Dårligere tilbud der tjenesten ikke er "lønnsom". Dette gjelder særlig innafør såkalt infrastruktur - f.eks. kollektivtransport, televerk og post. De offentlige tjenestene,



Karl er for privatisering og anbud. Hva med deg?

både innafør tele, transport og post har hatt som mål at alle skal ha et likeverdig tilbud, uansett hvor de bor. Det betyr at portoen ikke er dyrere på et brev fra Finnmark til Oslo enn på et fra Oslo til Oslo. Det betyr at det kjøres en masse bussruter som egentlig ikke er lønnsomme fordi det ikke er nok kunder på disse bussene. Busselskapet tar noe av overskuddet fra de lønnsomme bussrutene og bruker det til å holde i gang bussen for de som bor i mindre tettbygde strøk. Det er det samme man gjør innafør tele, NSB og Posten - dette kalles krysssubsidierting. Man subsidierer de ulønnsomme delene med inntekter fra de lønnsomme.

Når privatkapitalistiske bedrifter overtar, har de ingen interesse av å støtte opp under Bestemor i Finnmark eller de som bor ved den ulønnsomme bussruta. Kapitalistene er her for å tjene penger, punktum. Derfor vil de kaste seg over de lønnsomme delene av markedet og bry seg lite om hva som skjer med de "uheldige" som man ikke kan tjene penger på. Sjøl om myndighetene skulle

gumentet ofte at det offentlige eller kundene skal spare penger, fordi konkurranse fører til mer effektiv drift. Dette kan f.eks. være et argument for at en kommune skal legge vaskinga av sine lokaler ut på anbud. "Mer effektiv drift" betyr ofte at arbeiderne jobber hardere eller at de jobber for mindre lønn. Anbudskonkurransen kan altså ofte vinnes av det selskapet som klarer å tyne arbeiderne sine hardest.

Når offentlig ansatte "konkurransesettes" betyr det at sjefene deres får det mye lettere når de går til angrep på lønns- og arbeidsforhold, de ansatte vet at hvis de ikke blir "konkurransedyktige" (lavtlønte) nok kan de tape i konkurransen. Og når arbeidsløsheten er høy er det mange som synes at dårlig betalt jobb er bedre enn ingen jobb, så arbeiderne lar seg presse. Gjennom EOS er Norge knytta til anbudsreglene for EUs Indre Marked, som krever at offentlige oppdrag legges ut på anbud i hele EU/EOS. Det fører til et stadig press i retning dårligere lønns- og arbeids-



I Eshjerg ble bussdrifta satt ut på anbud og sjåførene satt ned over 30 000 kr. i lønn. Politiet brukte hunder mot de streikende.

lage regler om at selskapene skal drive slik at alle får et likeverdig tilbud, vil kapitalistene gjøre alt de kan for å snike seg unna, og stort sett får de det som de vil til slutt. Enden på visa kan bli at de private selskapene skummer floten i de lønnsomme delene av markedet, mens det offentlige sitter igjen med underskuddsområdene og gir et stadig dårligere tilbud. Til slutt kan politikerne og NHO kreve at det må bli slutt på de ulønnsomme offentlige systemene, nå får finnmarkingene heller betale det det egentlig koster f.eks. å frakte brevene deres! Bestemor og tusevis av andre blir tvunget til å flytte, markedet styrer.

Arbeiderne blir ramma:

Konkurransen tvinger fram "sosial dumping". Når virksomhet som har vært offentlig monopol skal "konkurransesettes" er ar-

beidsløsheten er høy er det mange som synes at dårlig betalt jobb er bedre enn ingen jobb, så arbeiderne lar seg presse. Gjennom EOS er Norge knytta til anbudsreglene for EUs Indre Marked, som krever at offentlige oppdrag legges ut på anbud i hele EU/EOS. Det fører til et stadig press i retning dårligere lønns- og arbeids-

forhold, fordi de arbeiderne som har kjempa fram gode rettigheter hele tida er trua av konkurransen fra selskap og land der forholda er dårligere. Innafør store bedrifter som Telenor og Posten har "den nye konkurransesituasjonen" (som kommer gjennom EOS) ført til en drastisk reduksjon i antall ansatte. Dette har ikke arbeiderne klart å kjempe mot, for sjefene har jo "rett": konkurransen fører til at de som tyner arbeiderne hardest og sier opp flest folk er de som overlever.

Oppsplitting av offentlig virksomhet (f.eks. at vaskinga settes bort til rivate firma) fører til oppsplitting av arbeiderklassen. Folk jobber «på samme golv», men har forskjellige arbeidsgivere og ofte ulike fagforeninger. Det er arbeidsgiverne som tjener på at arbeidsfolk blir splitta.

HVA VIL FRP?

Forholdet mellom FrP og Arbeiderpartiet er stort sett slik at Hagen sprer møkka, Gro og Torbjørn gjør jobben. Derfor er det ofte slik at det som FrP slet ett år, blir gjennomført tre år senere. Vi skal gi deg et blikk inn i privatiserings-framtida, her er noen forslag henta fra FrPs hefte «Solidarisk finansiert, privat produsert»:

**Privatiser Statoil
Privatiser Telenor
Selg store deler av NSB
Fri konkurranse i postsektoren
Bussdrift ut på anbud**

**Privatiser eller legg ned fritidsklubber, kino og teater
Ta betaling for bibliotekstjenestene
Privatiser NRK**

**Skolene skal «fristilles fra politisk styring, og bli sjølstyrte, uavhengige, økonomiske enheter»
Likestill privat og offentlig skole
Legg ned kommunal musikk-skole**

**Alt «ikke-medisinsk» ved sykehusene ut på anbud
Ambulansetjenesten ut på anbud**

**Privatiser eldreinnstifusjoner
Privatiser hjemmehjelpa**

**Selg kommunale eiendommer
Privatiser alle kommunale kantiner
Veivedlikehold ut på anbud
Private redningselskap kan være brannvesen
Søpeltømming ut på anbud
Privatiser vannverk og renseanlegg**

**Privatiser fengslene,
fangetransport ut på anbud**

Kvinner blir hardest ramma

I de offentlig sektor-yrkene som trues av privatisering finner vi flest kvinner, særlig innafør reingjoring, helse, eldreomsorg og barnehager. Også som brukere av offentlige tjenester blir kvinner hardest ramma. Det er kvinner som får omsorgsbyrden for syke og eldre dersom det offentlige ikke tar ansvar, og kvinner har lavere lønn enn menn, og stiller dermed bak i køa nar det er storrelsen på lommeboka som avgjør hvem som kommer først.

Hvem tjener på privatisering?

De som er tjent med privatisering er veldig fa, til gjengjeld kan de tjene veldig mye på det.

1 Ut i fra punktet om sosial dumping er det lett å se at anbud og privatisering gjør det lettere å tyne arbeidsfolk hardere. Noen kapitalister tjener direkte på dette, fordi deres bedrifter deltar i anbudskonkurranser som gjør det mulig å presse lønna ned. Alle kapitalister tjener på dette fordi lavere lønn og færre ansatte i offentlig sektor gir lavere skattepress, altså mer igjen til privatkapitalistene. Privatisering og anbud er altså ekstra ammunition for kapitalistene i den økonomiske klassekampen.

2 Den viktigste drivkrafta bak privatiserings- og anbudspolitikken er likevel noe annet, nemlig at kapitalistene vil tjene penger på nye områder. Nar den internasjonale konkurransen mellom kapitalistene blir stadig hardere ser de seg om etter nye måter å tjene penger på. Det mest opplagte er mange steder å prøve å komme seg inn i det som fram til nå har vært offentlige monopoler (der staten/kommunen har enerett). Nar bare det offentlige har drevet jernbane, televerk, post, sykehus og skoler har det ikke vært så lett for privatkapitalistene å tjene penger i disse sektorene, bortsett fra at de har fått bygge skoler, levere utstyr osv. Nå er de i gang med å fjerne monopolene over hele verden, enorme sektorer blir åpnet for privat virksomhet og utbytting.

Samtidig som de private selskapene tar over offentlige tjenester, blir de offentlige bedriftene mer og mer lik de private konkurrentene sine. F.eks. er Telenor omgjort til aksjeselskap, og kaster seg ut i konkurransen om fortjeneste også i utlandet, blant annet i Ungarn og Tsjekkia. Forskjellen mellom private og statlige selskaper viskes ut, og etterhvert har ikke politikerne (Stortinget) noen mulighet til å styre "sine" selskaper (f.eks. med hensyn til spredt bosetting), fordi de må følge de kapitalistiske markedsløvene. Dessuten sørger EU for å forby den politiske styringa som fortsatt skulle være mulig.

Arbeidsfolk og de fleste norske ungdommer har interesse av å stoppe privatiserings- og anbudsholgen som skyller innover Norge og Europa. Hvordan? Hva kan vi gjøre, nar fienden er de sterkeste kapitalkreftene i verden, og fienden vet nøyaktig hva han vil? Som en start kan vi diskutere privatisering med folk vi kjenner, og fa fram hvem som tjener på det og hva det fører til for folk flest. For det andre kan vi jobbe for å samle Nei-sida til kamp mot EOS. EOS-avtalen tvinger Norge til å følge Unionen sine anbudsregler og er høyrekreftenes beste redskap i angrepene på arbeidsfolk.

Økonomiske levekårsforskjeller i «Forskjells-Norge»

-For at vi skal kunne si noe substansielt om økonomiske levekår, må disse først beskrives!-

Økende forskjeller?: I LO-notat, nr. 5, 1997, slås det fast at det, de siste fire år, er blitt en økende forskjell i «kjøpekraftsandelen». De fattigste 30% har en nedgang på ett prosentpoeng, fra 16,4 til 15,4%. Middelklassen(40% av husholdningene) har en nedgang på 0,5 prosentpoeng, mens de rikeste 30% har en økning på 1,5 prosentpoeng til ca. 48%. Det har altså skjedd en ganske sterk omfordeling i favor av de rikeste 30% av befolkningen. De 10% rikeste skattytere disponere *like* mye inntektsmidler- 150 milliarder kroner- som de 26% nest rikeste og som de 64% fattigste. Norge er dermed, hva angår inntektsmidler, et *omvendt* to tredels samfunn.

Norske husholdninger kan inndeles slik når det gjelder inntekt etter skatt*(Statistisk årbok 1998), i prosent:

	<u>Av alle hush.</u>	<u>Menn</u>	<u>Kvinner</u>
1. 0- 150 000	35,7	25,6	53,4
2. 150 000- 250 000	27,5	27,6	27,5
3. Over 250 000	36,9	47,0	19,0

De rikeste:

Fra 300 000----- 26,8 34,8 12,7

***Inntekt etter skatt:** Alle inntekter, pensjoner/overføringer o.l. *minus* skatt

Gruppe 1 kan sies å være «fattig», gruppe 2 «middels» og gruppe 3 «velstående og rik». Det er en *meget* skjev kjønnsmessig fordeling av lønnsmidler i Norge.

Setter vi skillet ved årsinntekt kr. 200 000 (etter skatt) for under og over

«velstående og rike levekår» ser «Forskjells-Norge» slik ut for husholdningene, i prosent:

	<u>Av alle hush.</u>	<u>Menn</u>	<u>Kvinner</u>
<u>Under:</u>			
0- 100 000	18,5	11,4	31,1
100 000- 200 000	33,6	30,0	39,8
<u>Tilsammen</u>	<u>52,1</u>	<u>41,4</u>	<u>70,9</u>
<u>Over:</u>			
200 000- 300 000	21,2	24,0	16,3
300 000-----	26,8	34,8	12,7
<u>Tilsammen</u>	<u>48,0</u>	<u>58,8</u>	<u>29,0</u>

